



Innhald:

Soknerådet	1
Tilsette	4
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	5
Prestetjenesten i Åna fengsel	7
Kyrkjeleg undervisning og læring	9
Musikk og kultur	12
Utval	13
Bønegruppe	17
Jæren gospelkor	17
Volleyballgruppa	17
Kyrkjeringen	18



DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø kyrkje

Levende tru

Soknerådet

Når me ser tilbake på året som har gått, 2025, var det eit år med ein enormt stor frivillig innsats. Det er det kvart år, men når me ser kva som er komne inn av pengar frå kyrkjeringen, så har det aldri vore så stort beløp tidlegare. Det har vore ein heilt enorm innsats med frivillig arbeid i Nærbø kyrkje gjennom heile året. Det er mange som engasjerer seg og bidreg på ulike måtar som til dømes bakegruppe, vaktmeistergruppe, rydde- og vaske komité, familiemiddag, kyrkjekaffi, teknisk arbeid, kyrkjeleg undervisning, frivillige i gudstenesta osv. Det er rørende å sjå alle som bidreg på den eine eller andre måten, og at desse møtepunkta bidreg til eit sterkare fellesskap der gode relasjonar blir bygde.

Kyrkja tilbyr mange aktivitetar for barn frå dei er fødde til dei blir ungdommar. Det er stort oppmøte på søndagsskulen annankvar søndag, og kyrkjedisko – det er populært blant barna. I fjor vart det oppretta heimegrupper for konfirmantane. Dette har lagt brakk i mange år, men no var det nokre eldsjeler som sette i gong. Ein stor takk til alle som opna opp heimane sine for dei flotte konfirmantane.

Det har og vorte arrangert bibeltimar og kveldssong i kyrkja. Høgtidsgudsteneste 1. juledag og 1. påskedag er heilt fantastisk mektig. Det er høg kvalitet på musikken.

Me i Nærbø kyrkje var utruleg heldig som fekk mykje kunst frå ein anonym givar. Det vart då arrangert både kunst auksjon og popup-butikk, der inntektene gjekk til utbygging av kyrkja.

Når eg høyrer og ser alt det arbeidet som blir gjort i kyrkja, minnest eg ordtaket «Det du gir får du tilbake». Når me investerer tid og krefter i fellesskapet vår, resulterer dette ikkje berre i glede og støtte til andre, men me får og ei glede og større rikdom i vårt eige liv. Me blir løfta opp, me får vennskap, og ikkje minst får me kjenne at me høyrer til. Og det treng me som menneske.

La oss halda fram med å byggja dette fellesskapet saman gjennom frivillig arbeid.

Me får til enormt mykje når me står saman.

Med vennleg helsing Marianne Bjorland

Soknerådet si samansetjing 2023-2027

Bjorland	Marianne	Leiar
Høyland	Håkon	Nestleiar
Pettersen	Vidar Søyland	Sokneprest
Fløysvik	Anne	
Åbrekk	Svein Jarle	
Refsnes	Kirsten	
Harbo	Henrik	
Fossen	Karen-Elise Gilje	
Njærheim	Arnstein	
Reime	Arne	1. varamedlem
Høllesli	Rut	2. varamedlem
Garpestad	Elisabeth	3. varamedlem
Hiim	Bodil Sønsteby	4. varamedlem

Leiar og nestleiar blir valde internt i soknerådet for eit år av gongen og er også attvalde for 2026.

Nærbø sokn sine representantar i Hå kyrkjelege fellesråd:

Refsnes	Kirsten	
Høyland	Håkon	
Fossen	Karen-Elise Gilje	1. varamedlem

Saker

I 2025 har soknerådet handsama 51 vedtakssaker. Dei ordinære sakene handlar oftast om drifta av kyrkjelyden (økonomi, gudstenestelister osv.), saker som omhandlar plassmangel og utbygging, organisering og dei vidare visjonane til kyrkja. Soknerådet arbeider heile tida med å ha ein målretta, strategisk plan for arbeidet i kyrkjelyden.

Økonomi og givarteneste

Økonomi og givarteneste er ei utfordring. Me må halda eit konstant trykk på dette for å kunna oppfylle forpliktingar me har til løn og aktivitet i soknet. No har me i tillegg byrja å finansiera utbygging av kyrkja, og mange ønskjer å gi til det. Nokon erstattar givarteneste til den daglege drifta med givarteneste til utbygginga. Det gjer det vanskelegare å finansiera løn og aktivitetane me ønskjer å ha i soknet. Då er det ekstra viktig at me klarer å halda trykket på all givarteneste. Innsamling av offer i gudstenestene via Vipps fungerer godt. Inntekter frå julemesse og påskemarknad er viktige bidrag.

Stor takk til deg som har vore med og støtta alt dette og sikra soknet inntekter.

Strategiarbeidet

Visjonen "Levande tru" ligg som grunnlag for arbeidet vårt. For arbeidsområda kyrkjeleg undervisning og diakoniarbeid er det utarbeidd konkrete planar som dei tilsette arbeider etter. I løpet av 2025 og tidleg 2026 har alle særplanane samt strategiplanen, blitt samla i eit nytt arbeidsverktøy frå kyrkja sentralt, «Kirka vår», som no er innført i alle kyrkjelydar i heile Noreg.

Med bakgrunn i strategiplanen er det utarbeidd konkrete planar og tiltak. Arbeidsområde som er omtalt i strategiplanen er: gudstenestelivet, kyrkjeleg undervisning, diakoni, misjon, kyrkja på nett, inkluderande fellesskap, kultur og musikkliv, givarteneste og kommunikasjon. Desse vil halde fram å vere prioriterte arbeidsområde for både sokneråd og stab, men hovudprioriteten framover vil framleis vere satsinga på frivillige.

Me er stolte av kyrkja vår. Me vil ha ei frimodig kyrkje som snakkar om Jesus, og målet for oss alle er at fleire skal bli kjende med Han! Soknerådet vil leie ei kyrkje der me finn levande tru som vitnar i ord og handling om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus.

NK Media

I førre årsmelding vart det formidla at NK media trong konkrete målsetjingar for vegen vidare. Dette medførte at første målsetjing vart å strøyma ein gong i månaden fram mot årsskiftet. I tillegg til ekstrasendingar ved jul, vart dette målet innfridd. Vidare er håpet å kunna strøyma to gonger i månaden fram mot sommaren i tillegg til påska, og fram til no har det gått heilt fint.

No har me god nok bemanning til å planlegge eit helt semester av gonga. Me har framleis mangel på folk med lydteknisk kompetanse. Utover det er det svært positivt at me har auka talet på kamerateam med personar som tidlegare var engasjerte i NK media og endå ein gong har sagt seg villige til å trø til.

NK media har inngått eit samarbeid med det nyoppstarta TV-Jæren. Den går i hovudsak ut på samarbeid om utstyr, men og bemanning ved ulike høve slik som JGK-konsertar og Nærbørevyen.

Tilsette

Det er ingen som er tilsett direkte i soknet. Nedanfor er ein oversikt over tilsette som har hatt arbeidsstad i Nærbø kyrkje i 2025.

Svein Olav Nesse	kyrkjeverje	(100%)
Brage Martin Norbakken	dagleg leiar	(80%) 100% frå august
Vidar Søyland Pettersen	sokneprest	(100 %)
Møyfrid Garborg	Kateket	(100 %)
Helge Bjørgaas Helle	Ungdomsprest	(100 %) Til 01.10.2025 Soknet dekker 100 % stilling
Martine Høyen	Ungdomsarbeidar	(30%) Frå august
Ove Byberg	musikalsk leiar	(80 %) Soknet dekker 20 % stilling
Connie Henriette Reime	kyrkjelydspedagog	(80 %) Soknet dekker 40 % stilling
Anne Turid Varhaug	trusopplærar	(80 %) Soknet dekker 80 % stilling
Kjersti Olimb Salte	diakoniarbeidar	(100 % fordelt på 33% per kyrkjelyd i Hå) Soknet dekker 10 % stilling
Gunn Auestad Stokka	styrar Noas ark	(60 %) Soknet dekker 60 % stilling
Anne Olseth	assistent Noas ark	(50 %) Soknet dekker 50 % stilling

I tillegg dekker soknet 20% av ei reinhaldsstilling.

Klokkartenesta og delar av kyrkjetenarfunksjonen blir gjort på dugnad.

Team for drift av kyrkjer og kyrkjegardar

Benjamin Alan Walker	kyrkjetenar	(100 %)
----------------------	-------------	---------

I tillegg til staben er det ei vaktmeistergruppe på frivillig basis. Desse gjer ein uvurderleg innsats og sørgjer for at staben kan bruka si tid på ein optimal måte, og dessutan bidreg til at det ser fint ut i og rundt kyrkja. Gruppa har bestått av Jørgen Risdal, Tor-Syvert Aas, Tron Gudmestad og Oddvar Grødem. Her er det også plass til fleire om nokon ønskjer å bidra med praktisk og fysisk arbeid.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det er eit stort og variert gudstenesteliv i kyrkja på Nærbø. Kyrkjelyden legg vinn på mangfald i form og uttrykk, låg terskel for dei som ikkje er vane med gudsteneste, men også dybde for dei trufaste som går kvar sundag. På høgtidsdagane har me satsa på høg musikalsk kvalitet.

I 2025 har me kome i gong med regelmessig strøyming av gudstenester. Vi har i løpet av året strøyma 12 gudstenester. Dei som bidreg inn i dette arbeidet er NK Media. Dei ansvarlege har jobba godt med lydbildet på strøymingane, og vi har fått gode tilbakemeldingar på det. I tida framover ynskjer vi å arbeide både med å strøyme fleire gudstenester, og samtidig gjere dei brukarvenlege for sjukeheimar og institusjonar i nærleiken.

Gudstenester i samanheng med kyrkjeleg undervisning og læring

I samband med nokre av tiltaka for kyrkjeleg undervisning har me årvisse gudstenester som er ein del av tiltaket. I 2025 blei det gjennomført gudsteneste i samband med tårnagentane, dåpsskulen og 4-årsboka. Gudstenestene i konfirmasjonstida kan ein og sjå på i samband med dette. Det blei lagt ned ekstra ressursar på desse gudstenestene, og dei blei også i år gjennomførte på ein god måte.

Temagudstenester

Eit eige temagudstenesteutval set opp og gjennomfører tre-fire temagudstenester i halvåret. Desse har funne sin eigen stil og er godt besøkte. Ein legg vekt på musikk og song, og brukar ofte element frå populærkulturen for å understreke dagens tema. Tema vert henta frå ulike hald. Våren 2025 hadde me «Saman» som tema, og deltok på den måten i bispedømmet si tredoble feiring av Stavanger bispedømme, by og domkyrkje. På hausten var temaet «Venskap» på konfirmantpresentasjonen, mens “Pengar og givarteneste” var overskrifta for dei to andre. Pengar og givarteneste blei vald i samband med at kyrkja har fått ny ordning rundt givartenesta. I tillegg ønskte me å setta fokus på innsamlinga til utbygginga av kyrkja. Me forsøker å ha sundagsskule og dåp saman med temagudstenestene, med eit mål om at dei i dåpsfolket som ikkje går i kyrkja til vanleg skal få ei god gudstenesteerfaring.

Statistikk

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Døyppte	82	75	78	80	78	82	59
Konfirmerte	90	70	82	89	81	99	74
Vigde	15	18	22	25	10	15	26
Gravferder	55	60	51	63	42	57	40
Gudstenester søndagar og andre heilagdaggar	56	70	66	57	56	60	55
Gudstenestedeltakarar totalt	13 733	5 329	6 164	10 608	14 638	13 914	13254
Deltakarar pr. gudsteneste	245	76	93	186	261	232	241
Nattverdsgjester	2 865	905	1 109	2 239	1 953	2 355	2600
Innmelde	2	5	6	6	9	14	6
Utmelde	32	19	34	32	43	29	24

Kyrkjelege handlingar

Det er som regel god oppslutning om dei tradisjonelle kyrkjelege handlingane på Nærbø. Talet på dåp har gått litt ned i 2025, det same gjeld gravferder. Me har og ei god oppslutning om konfirmasjon, der mange i årskullet vel kyrkja. Talet på vigslar er relativt lågt sett i forhold til folketalet, men korkje lågare eller høgare samanlikna med andre sokn.

Dei kyrkjelege handlingane er eit godt døme på folkekyrkja si breie kontaktflate og ein viktig del av det kyrkjelydsbyggjande arbeidet.

Dåpssamtale og dåp

Det har vore 59 dåp i Nærbø kyrkje i 2025, eit tal som gått litt ned i 2025. Foreldre som melder borna sine til dåp, har samtale med presten på førehand. Presten møter dåpsforeldra til ei felles samling i «Noas ark-rommet» cirka ein gong i månaden. Tema på desse samlingane er dåpens innhald, opplæring av dei døypte, og det praktiske rundt dåpen. Det vert lagt vinn på å gjera dåpsgudstenestene til gode opplevingar for alle som kjem med borna sine. Me har i tillegg eit mål om å ha dåp dei sundagane me har søndagsskule. Slik kan me få vist fram det flotte arbeidet, og gje eit tilbod til dei større ungane i dåpsfølget.



DEN NORSKE KIRKE

Åna fengsel

Åna 08 jan -25

Til

Åna fengsel

Prosten på Jæren

Soknepresten i Hå

Årsrapport prestedtjenesten i Åna fengsel

Prestedtjenesten er en ekstern tjeneste som har sitt arbeid inne i fengslet. Presten er tilsatt i DNK, med arbeidssted Åna fengsel. Det er for tiden bare en prest i 100 % stilling. (mangler 0,4 % stillingsressurs).

Gudstjenester: I Åna fengsel er det gudstjenester ca. hver 3 helg.

Det holdes to gudstjenester her gang, fordelt på ulike avdelinger. I tilknytning til gudstjenestene er det også kirkekaffe. Nytt av året er noen samlinger i Rødgata.

34 gudstjenester (18 m/nattverd) antall deltakere 570 (356 innsatte og 214 andre (132 nattverdgjester)

Sjelesorg:

Samtaler med innsatte prioriteres. Mye tid brukes til dette, både at innsatte oppsøker presten, eller at de treffer presten og fortsetter samtalene på kontoret. Det skjer mye uformelt arbeid.

Pilegrimsturer

Presten har gått dagsturer med innsatte pilegrimer fra Rødgata fra Egersund til Utstein Kloster. 4 dagsturer, og en overnattingstur på Utstein Pilegrimsgard i september. Dette er 4 år en har gjennomført dette.

Andre samlinger/aktiviteter:

Presten har stått ansvarlig for 16 konserter/ quizkvelder ofte lagt til torsdagskvelder. Til sammen 400 deltagere

Samarbeid med andre

Prestedtjeneste, bibliotek og fritidssektor samarbeider mye.

Frelsesarmeen

har faste samlinger her 1 gang i mnd. 8 samlinger med Frelsesarmeen i kirkerommet.

Alfakurs.

8 samlinger med frivillige fra Vigrestad Normisjon. 10 innsatte deltok på store deler av kurset.

Prison Fellowship

har vært her 2 ganger. Presten må være til stede når de er her. Det samme gjelder andre kristne grupper som vil ha tilstelninger, presten er vert.

Katolske og ortodokse prester

kommer på besøk til innsatte når innsatte spør om det. Dette formidles av presten, som og er vertskap for disse når de kommer. De låner et prestekontor.

Hverdagsfilosofigrupper

i samarbeid med skolen. To grupper med 8 deltagere i hver over 6 ganger.

Samlinger med imam

Tilrettelegging av 4 samlinger med Imam fra Sandnes Moske med totalt ca 50 (antall) deltakere.

Frelsesarmeens kapellan

FA har tilsatt Gunnbjörg Linjord Moseid som kapellan her og i Stavanger fengsel. Hun er et godt og viktig tilskudd til innsatte og som en god samarbeidspart.

Røde kors

har en del arbeid inne i fengslet, og presten er en del av ressursgruppen om kring dette arbeidet.

Presten inngår i ulike kriseplaner og formidler dødsbudskap og andre alvorlige hendelser, når dette er naturlig. Ulike permisjoner sammen med innsatte skjer også.



Jon Aarsland

Fengselsprest

Åna Fengsel

Ja796@kirken.no / 51799166

Kyrkjeleg undervisning og læring

Babysong

Babysong er eit tiltak i planen for kyrkjeleg undervisning som går kontinuerleg. Det var 18 samlingar til saman i løpet av året, med 22 påmeldte barn. Hausten 2025 prøvde me på eit utvida småbarnssong-tilbod med 6 påmeldte barn og 5 samlingar. Dette tiltaket blir ikkje starta opp igjen som det ein gong var, men kanskje i ny drakt i løpet av 2026.

4-årsboka

Utdeling av 4-årsboka (barnebibelen) blei gjort i november. Me hadde to samlingar, ei på laurdagen og felles familiegudsteneste på søndagen. På laurdagen hadde me samling med song, bibelforteljing, besøk av søndagsskulekaninen og skattejakt. På gudstenesta fekk dei utdelt barnebibelen. Totalt har 52 barn fått utlevert 4-årsboka.

Noas Ark

Noas ark open barnehage er ein god møteplass for alle i Hå kommune. Veke etter veke, fordelt på tre dagar, kjem det barn saman med omsorgspersonane sine. Det er stort sett barn i alderen 0-3 år som nyttar tilbodet.

Barnehagen har ei fleksibel opningstid, som gjer at ein kan koma og gå når det måtte passa den enkelte.

Det er lek, samlingsstund og ulike aktivitetar som stort sett pregar dagane. Dei ulike høgtidsdagane og merkedagane i året blir og markert.

Skattekista Søndagsskule

Me har i utgangspunktet søndagsskule annankvar søndag. I 2025 blei det totalt 18 samlingar, der det var eit gjennomsnitt på 69 born på samlingane gjennom året. Det var 89 betalende medlemmar i 2025, om lag likt med førre år. Me har vore velsigna med ei kjerne gode leiarar i søndagsskulen. Nokon har me takka av og det kom på tampen av året nye leiarar til. Det gleder me oss over.

Dåpsskule

Før påske hadde me dåpsskule for førsteklassingane, totalt 28 gutar og jenter var påmelde fordelt på dei 3 dagane med «undervisning». Me avslutta det heile med ei fin gudsteneste med dåpsskuleavslutning. Takk til dei frivillige som stod for sjølve gjennomføringa.

Tårnagentar

Tårnagentsamling vart gjennomført den 18. og 19. januar med 41 påmeldte barn.

HalloVenn

I 2025 hadde me igjen HalloVenn i kyrkja. Me ser at dette er eit arrangement som samlar bygda, eit kjekt arrangement for familiane, både dei som til vanleg bruker kyrkja aktivt gjennom året og dei som ikkje er så ofte i kyrkja. Det gleder me oss stort over. Eit godt besøkt arrangement med om lag 350 små og store deltakarar. Omlag 45 frivillige var med på å gjere kvelden til ein suksess.

Gloria

Gloria dansegruppe har hatt sju treningar vår og fem treningar haust i 2025. I tillegg har dei deltatt på ulike arrangement og gudstenester. Gruppa består av 10 danseglade barn i alderen 8-12 år som synest det er kjekt å bevega seg.

Kyrkjedisko

Nytt av året var ein fritidsklubb for 1.-4. klasse. I vår var disko ein fredag i månaden, men på hausten var det på torsdagar. Godt over 100 glade barn var innom kvar einaste kyrkjedisko.

Fredagstweenz

Fritidsklubben for 5.-7.-klassingar. På vårparten såg me at oppmøtetala gjekk ned på Fredagstweenz. Årsaka til det er uklar.

Det blei gjennomført 14 samlingar i 2025. Mot slutten av året var det opp mot 40 born pr. samling.

Reload

Så godt som kvar fredag i oddetalsveker (utanom jule- og sommarferien), samlar ein ungdom i alle aldrar til ungdomsklubben “Reload” i tidsrommet 19.30-23.30. Ungdom spelar ei viktig rolle i utforminga av Reload og for dei faste gjeremåla som må til for å gjennomføra ein slik ungdomsklubb. Ein typisk kveld på Reload består mellom anna av kiosk, god drøs, ein planlagd fellesaktivitet (Quiz, leik eller anna) samt ein andakt. I tråd med den norske kyrkja si visjon om “meir himmel på jord”, prøver me på Reload å skapa ein trygg, god og inkluderande arena for ungdom på Nærbø. Talet på deltakarar plar vera om lag 30-100 stk. Me har ca. 30 ungdom som blir rekna som kjernen og kjem uansett. I tillegg kjem ein heil del innom av og til, samt at konfirmantane skal møta eit visst antal gonger i året.

Konfirmasjon

Våren 2025 blei 77 flotte konfirmantar konfirmerte i Nærbø kyrkje. I haust starta me opp med 94 nye konfirmantar.

Konfirmantåret inneheldt eit variert program med blant anna gudstenester, weekend til Audnastrand, undervisning, KonfCup for heile Hå og fasteaksjon.

Follow Me

Dette er ei samling for ungdommar etter konfirmasjonsalder (16-26 år). Gjennom månadlege økter tek ein for seg ulike sider ved det å vera leiar eller utrustar ungdommen til livet. Ei typisk samling består som regel av eit godt måltid etterfølgd av undervisning. Utanom dei planlagde aktivitetane, blir det lagt opp til god drøs. Talet på deltakarar plar vera rundt 15-20.

Samarbeid mellom barnehage/skule og kyrkja

I 2025 hadde me påskevandringar i kyrkja med alle barnehagane og ATO-avdelinga ved Bø skule, før påske. Dette er flotte samlingar der me kjem tett på ungane.

Til jul var elevar frå Tryggheim vidaregåande skule med og bidrog på julegudstenestene. Me måtte ha fire gudstenester for å få plass til alle skular og barnehagar. På desse gudstenestene hadde me cirka 1400 barn innom kyrkja.

Tryggheim ungdomsskule hadde julegudsteneste i kyrkja siste skuledag før jul med alle sine elevar.

Årsmelding musikk og kultur

Gudstenester

Vi hadde ekstra song- og musikkrefter på ein del gudstenester som allehelgensdag og nokre trusopplæringstiltak. Me har og starta ei forsangargruppe som er med på gudstenester generelt.

Høgtider

Me ville satse litt ekstra på høgtidsgudstenestene. Gunleiv Risa bidrog til at me fekk god kontakt med Nærbø musikkorps. Dette gjorde at me stilte med fullt blåse-ensemble på desse gudstenestene.

Me har og starta ei korggruppe, som er med på høgtidsgudstenestene. Dette prosjektet er Sigbjørn Undheim ein stor bidragsytar til.

Organisten er svært takknemleg for det gode samarbeidet med Gunleiv og Sigbjørn.

Minnegudsteneste

Organisten samarbeidde med diakoniarbeidaren om denne gudstenesta. Kathrine Håland Varhaug bidrog med solosong og Gunleiv Risa deltok på fløyte. Dette skapte ei fin stemning i gudstenesta.

Bryllaup og gravferder

Speling under bryllaup og gravferd blei delt mellom organistane i Nærbø og Varhaug.

Ove Byberg
Organist Nærbø

Utval

Undervisningsutvalet

Undervisningsutvalet har i 2025 bestått av Arne Reidar Hæåk, Stine Reime, sokneprest Vidar Søyland Pettersen og kateket Møyfrid Garborg. Me har hatt to møter, og arbeidd med temakvelder, bibelundervisning og husfellesskap.

Me har lenge opplevd at arbeidet husfellesskapa i kyrkjelyden ikkje har hatt ein god nok struktur, og at me har vært usikre på om me har kunne ynskje velkommen nye som vil være med. Jonas Egeland Reime og Morten Bjorland har i 2025 bidratt med å ringe rundt til alle husfellesskapa for å avklare behov dei har og om dei er open for å ta imot nye. Dei fleste gruppene seier dei er opne for å ta imot nye. Jonas Egeland Reime har sagt ja til å koordinere dette arbeidet vidare. Det vil seie at nye som ynkjer å være med, eller ynkjer tips til gruppeopplegg kan ta kontakt med han. Presten kan også bidra med tips til gruppeopplegg.

På våren arrangerte utvalet ein kveld der Harald Bøhn fortalde noko av livshistoria si, og underviste litt om tema knytt til den. På hausten var Joar Haga frå VID vitenskaplege høgskule innom to kvelder og fortalde om kristninga av landet. Dette temaet var knytt opp mot det tredoble jubileet til Stavanger bispedømme, domkyrkje og by.

Misjonsutvalet

Misjonsutvalet har i 2025 bestått av Tron Gudmestad, Gunvor Risa og sokneprest Vidar Søyland Pettersen. Utvalet har hatt to møter, eit om våren og eit om hausten.

Me la fram ei sak for soknerådet som omhandla dei ulike avtalane til dei tre misjonsprosjekta me har i kyrkjelyden. Alle avtalane gjekk ut i 2025 og 2026, og misjonsutvalet gav soknerådet innspel på om dei skulle vidareførast eller bytast ut. Soknerådet vedtok at alle tre skulle vidareførast ut 2026.

Me arbeider kontinuerleg med å få inn misjonsstoff og helsingar frå utsendingane frå Nærbø i Kyrkjelydsbladet, på internett og i gudstenestene. Forbøn for dei som har reist ut frå Nærbø som misjonærer, har og blitt vidareført.

Økonomiutvalet for utbygging av kyrkja

Utbygging Nærbø kyrkje.

I finansutvalget er Marianne Bjorland, Terje Mjåtveit, Oddgeir Østrem og Gunnvor Engtrø.

Vi har hatt 3 møter i 2025.

Soknerådet har vedtatt at me må samle inn ein eigenkapital på ca. 5 mill. før banker og andre aktuelle kan kontaktast for å søke om lån.

Før det kan søkjas om lån må bankane ha arkitektteikningane på plass.

Vegen vidare er å jobbe med finansieringssplan, estimerte kostnader på utbygging og plan for utbygging.

Førebels arbeider kvar enkelt i finansutvalget med å sjå på kor det er aktuelt å hente økonomisk støtte.

Planutvalet for utbygging av kyrkja

I planutvalget er: Dag Skretting, Svein Olav Nesse, Gunnvor Engtrø, Tron Gudmestad, Bjørn Helge Laupland, Oddgeir Østrem, Arne Reime og Kirsten Refsnes.

-Fleire møte i løpet av året.

-Er godt i gang med arkitekt om å få fram teikningar.

-Vi har spurt 3 forskjellige arkitektfirma.

-Etter samla vurdering har utvalget gått for Holon Arkitektur.

Diakoniutvalet

Diakoniutvalet dette året har vore:

Anne Fløysvik, Kari Grødem, Evy Byberg Horpestad, Kari Synnøve Aarsland, Randi Winger Dahl, Ruth Høllesli og Kjersti Olimb Slate

Utvalet har hatt fire møte og har arbeidd med desse sakene:

Fasteaksjonen 8. april

Tema var også dette året «Håp i en dråpe vann» der midla gjekk til jordbruk og vatningssystem. Utvalet hadde ansvar for praktiske oppgåver med utsending, ta imot konfirmantane, servering og oppteljing av kontantar.

Vårfest 27. april

Nærbø kyrkjelyd stod som arrangør, og festen var eit samarbeid mellom soknerådet og diakoniutvalet. Årets tema var Glede. DeKor frå Undheim song og Kjell Børge Tjemsland hadde tale. Etter maten var det minikonsert med Greengrass. Dette året tok vi kr 200 i inngangspengar. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar om flott fest og frisk song og musikk.

Diakoniens dag 12. oktober

Vidar Søyland Pettersen leia gudstenesta. Diakoniarbeidar Kjersti Olimb Salte preika om ORD, orda våre og Guds ord. Diakoniutvalet deltok med forbøn og kyrkjekaffi.

Minnegudsteneste 2. november

Etterlatne fekk invitasjon per brev. Vidar Søyland Pettersen leia gudstenesta. Kjersti Olimb Salte talte. Organist Ove Byberg hadde med seg Kathrine Håland Varhaug som song og Gunnleiv Risa som spelte fløyte. Dei sørga for fin musikk og song før, under og etter gudstenesta. Diakoniutvalet hadde ansvaret for tekstlesing og lystenning.

Onsdagskaffien

Onsdagskaffien hadde samlingar første onsdagen i månaden. Frammøtet ligg på 15 – 20 kvar gong, og dei som kjem set stor pris på tilbodet. Else Reime avslutta tenesta med onsdagskaffien og me takkar henne for lang og trufast teneste! Reidun Malmin tok over og er nå i lag med Helga Røyneberg som frivillige.

Tilrettelagte gudstenester

Me hadde samlingar andre onsdagen i månaden. Frammøtet varierar frå gong til gong, og det kjem færre enn før. Diakoniarbeidar har kontakt med leiarane på omsorgsboligane og gjennomførte ei spørjeundersøking om tiltaket. Tilbakemeldingane legg føringar for korleis vi skal arbeide vidare med dette tiltaket.

Sorgarbeid

«Sorggrupper for vaksne» er eit samarbeid mellom diakonar i Sør- Rogaland. Alle kontaktar for dei etterlatne i Hå får brev med informasjon om sorggrupper. Det er fleire ulike grupper ut i frå alder og situasjon. Diakoniarbeidar var med i dette arbeidet og leia ei sorggruppe hausten 2025.

Diakoniarbeidar tek kontakt med familieane til dei etterlatne. Nokon får då etter ønske tilbod om samtale med diakoniarbeidar.

Samtalar

Alle som ønsker det kan få samtale med diakoniarbeidaren. Dette har blitt publisert i kyrkjelydsbladet og i kyrkjene. Nokon har tatt kontakt og dei fleste samtalene skjer i heimane. Nokon kjem til kyrkja.

Andre diakonale tiltak i kyrkjelyden

Åremålsbesøk til eldre har blitt gjennomført. Dei som går med jubilanthelsing, er Kari Ingfrid Hatteland, Magne Braut og Bente Gudmestad.

Andre tiltak som blir gjennomført er gudstenester og andakter på Hå sjukeheim, og pilegrimsvandringar i samarbeid med Jæren prosti.

Andre utval

I løpet av 2025 har det vekse fram to andre utval, som soknerådet i løpet av 2026 vil forankra og lage mandat til. Det eine er “frivilligheitsutvalet” som har vekse fram av strategidokumentet til kyrkjelyden der satsinga på frivillige var ein hovudprioritet. Frivilligheitsutvalet har hatt møte før 2025 også, men det var først dette året at utvalet hadde kontinuerlege møter og eit meir strukturert arbeid. I dette utvalet sit sokneprest Vidar Søyland Pettersen, frivilligheitskoordinator Anne Turid Varhaug, dagleg leiar Brage Martin Norbakken og soknerådsmedlem Karen-Elise Gilje Fossen.

Det andre utvalet som har blitt danna er “kyrkjelydsutviklingsutvalet”. Dette utvalet starta som ei refleksjonsgruppe i etterkant av kyrkjelydsundersøkinga våren 2024. Utvalet hadde som mål å reflektere over korleis vi kan forstå svara frå undersøkinga, og gjere dei om til konkrete tiltak i kyrkjelyden. Etter kvart kom utvalet med nokre forslag til satsingar i kyrkjelyden. Mellom anna “Vi les Bibelen saman”, “Tidslinja” som fokus på temagudstenestene, og frivillig bønnesamling kvar torsdag. Til no har dette utvalet bestått av sokneprest Vidar Søyland Pettersen, dagleg leiar Brage Martin Norbakken, soknerådsrepresentant Karen-Elise Gilje Fossen og frivillig Rut Høllesli.

Bønegruppe

I løpet av året 2025 starta det opp ei bønegruppe i kyrkjelyden (eigentleg siste månaden i 2024). Dei samlast klokka 09.00 på torsdagar i bønerommet, og sjølv om det som regel er 4-6 faste personar som kjem, er alle som vil hjarteleg velkommen. I løpet av året 2025 har dei bestemt at det ein gong i månaden skal være Taizébøn i staden for ordinært bønemøte. Johannes Nedrelid har laga ein enkel liturgi, og organist Ove Byberg deltek på orgel. Dette er litt meir meditative bønensamlingar, som me trur mange vil ha glede av å delta på.

Konsertar

Me opplever at kyrkja er attraktiv som arrangementsarena. Kyrkja er stadig meir aktuell for lokale krefter som ønskjer å ha både konsertar og arrangement i kyrkja. I tillegg håpar me på og arbeider for å få inn nokre større aktørar.

Jæren gospelkor

Gospelkoret har gjennom dei siste åra fått eit godt samarbeid med administrasjonen i kyrkjelyden. Dette gjer det lettare å ha førehandskjennskap til det som har med øvingar, konsertar og liknande å gjera. Gospelkoret bidreg gjennom året i gudstenester og har fleire konsertar. I tillegg bidreg gospelkoret på andre typar arrangement, som bursdagar og bryllaup utanfor kyrkja. Dei bidreg også på alle konfirmasjonsgudstenestene i kyrkja.

Volleyballgruppa

Vi har i 2025 hatt mange flotte volleyballkampar på Bø, og treningane har i år som tidlegare gitt helse, mosjon og godt fellesskap.

Det har totalt vore 35 treningar i 2025 (20 vår og 15 haust).

Vi har hatt eit gjennomsnitt på over 9 hausten 2025.

7 i første halvdel 2025.

Vi fekk frå hausten 2025 tilbake treningstid frå 19 til 21 i Bø-hallen, og det har vore positivt for aktiviteten og frammøtet. Rekrutteringa har vore god. Dette viser igjen på frammøtet hausten 2025.

Styret dette året har vore Georg I. Eide, leiar; Runar Apeland, kasserar, og Birger Vårdal, sekretær.

ÅRSMELDING FRÅ KYRKJERINGEN

Leiargruppa for 2025 har vore: Gunnvor Engtrø, leiar, Tone T. Aarsland, Marianne Bjorland, Bente Gudmestad, sekretær.

Kyrkjeringen har hatt 5 samlingar i 2025.

I år har me vorte med i Grasrotbevegelsen. Det gjer at folk no kan gje pengar til kyrkja gjennom denne.

Bakegruppe, kreativ gruppe og basargruppe har også i år hatt møte ved behov.

I løpet av året har me arrangert påskemarknad og julemesse.

Me har og vore med på Nærbødagane, haustfest på sjukeheimen, julemarknad i Køhlerpaviljongen, julegrantenning på torget, og Jul i parken.

Det er flott at så mange frivillige er med både i førekant og ved gjennomføring av desse arrangementa.

Me er og takknemlege til alle som gir gevinstar.

På julemessa dette året var Glad Sang med. Hilde Viste heldt andakt i år og. Ho hadde og denne gongen fått med nokre unge jenter til å vere forsongarar medan me venta på hovudtrekkinga. Nærbø Musikkorps spelte for oss i år og.

Det nye i år var at me auksjonerte bort eit bilete av Kjell Pahr Iversen. Dette var gitt av ein anonym gjevar.

Alle arrangementa i 2025 resulterte i at me kunne overføre kr. 465 000 til kyrkja. Også i år har me støtta barne- og ungdomsarbeidet spesielt, men soknerådet har fått høve til å bruke pengane der dei treng det mest. Dette skjer i samråd med kyrkjeringen.

Kyrkjeringen søker framleis om sponsormidlar til nødvendig utstyr og arrangement.

For kyrkjeringen

Bente Gudmestad, sekretær

Nærbø, mars 2026

Marianne Bjorland
Leiar

Svein Jarle Åbrekk

Karen-Elise Gilje Fossen

Håkon Høyland
nestleiar

Kirsten Refsnes

Anne Fløysvik

Vidar Søyland Pettersen
sokneprest

Henrik Harbo

Arnstein Njærheim